

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 100	Kjem ut kvar måned	Desember 1938	Utgjevar og redaktor: Prost Slaattelid Davik	9. årg.
---------	-----------------------	---------------	--	---------




Juleglede.

Det er s med klokker det ringer
i luften i vår by,
det er s det synger og klinger
fra liflig harper i sky.
Se op! Det er englenes skarer
som glede tilbyr enhver,
og tusen arner svarer:
»Vi trenger glede her.«

Så lukker vi op våre døre
og bøier oss hver især.
Og gleden blir desto større
jo mindre vi alle er.
Kun der hvor barmhjertighetsluen
sig speiler i alles blick,
kun der er sangbund i stuen
for englenes julemusikk.

Var året for mange en kjede
av lønnlige savn og brist,
det slutter dog nu med glede,
Gud gjemte det beste filsist.
Fra himlen velsignelser dryppe
til sal og til fattigste skjul.
Men har du i hjertet en krybbe,
så får du det beste til jul.

Zakarias Nielsen.



Joletankar.

Endå eingong er jola koma for å syna oss kor useieleg høgt Gud har elska oss. Han har elska oss med ein styrke og eit ålvor som mest kan få oss til å skjelva når vi tenkjer på hans kjærleik. Kor stor må den herlegdomen vera som er tiltenkt oss, når verdsens skapar vart menneskje på jorda for vår skuld. Og kor sikker og djup må undergangen vera for dei som viser det ifrå seg, når eit slikt tilbod vert gjort og ei slik gjerning er utført til deira frelse. Korleis kan vi skyna kor stor den sæla er som Gud har laga til for sine tenarar, når vi ser kva han vilde gjera for å opna vegen til den for oss. Og korleis kan vi meina, at menneskjetanken kan forstå kor forferdeleg det tap av lukke og von er som ventar den ubotferdige og ugudelege, når vi ser på kva deira skapar og domar vilde ta på seg for å venda hjarto deira til seg og føra dei til umvending og fred med Gud?

Søk kun medan han er å finna, kall på han medan han er nær. Tenk på det løynsdomsfulle i hans ufattelege kjærleik, tenk på det underfulle i hans utløysing, søk han som er underfull i sine vegar, og uskyneleg i sine tankar. Du veit at han har gjort alt dette for å vinna din kjærleik, for å binda ditt hjarta for all tid fast til sitt heilage namn. Søk han medan han rekkjer handa ut for å verna og leida og velsigna deg. Det vil ikkje alltid vera so. Dei nådetankar som Gud no har imot deg, må vika plassen for dom og refsing, dersom du ikkje vil ta imot, men berre set ut og viser det ifrå deg. Høyr på hans kall når han bed den vonde forlata sin veg og den urettferdige sine tankar, og når han lovar at Herren skal ha miskunn, og vår Gud, som sjølv kom for å frelsa, skal rikeleg tilgjeva. Måtte ingen av oss venda oss burt frå dette nådige kall. Måtte ingen av oss meina at vi ikkje treng det. Visseleg,

alle treng vi til han. Tenk på korleis vårt liv har vore og korleis det skulde ha vore når vi heilt skulde vera hans læresveinar. Tenk på den byrd av synd som vi har lesst på oss berre sidan siste jol. Treng vi ikkje tilgjeving for det altsaman? Og kven skal vi gå til anna enn til han som tok på seg vårt kjøt so han kunde bera våre byrder og ha medkjensle med våre freistingar og lækja våre sår? Kven skulde vi gå til utan til han som kom ned og levde imillom oss for å visa oss kor han elska oss, og for å hjelpa oss til å elska han? Jola minner oss um kor nær han er oss, vår bror, kjøt av vårt kjøt. Den minner oss um kor lett vi kan finna han. I jola skal vi gleda oss fordi verda har ein slik skapar og menneskja ein slik frelsar. Lat oss syna at vi gled oss på rette måten ved å høyra på hans kjærleiks kall, ved å koma til han so han kan gjera våre hjarto og våre liv til sin eigedom.

Frå engelsk.

I kirken.

Kirken hvelver sig hvit og stor,
lys står tendt i det høie kor,
solgull faller i brede flager
hen over alterets gylne staker.
Hvor er vel larmen som bruste for,
hvor er kivet ved kirkens dør?
Nattens truende skyggehær
viker for luende morgenskjær.
Tvil og tvedrakt er helt forstummet,
freden hviler i kirkerummet.

Vi er kommet fra kamp og kiv,
trette av nutidens travle liv;
vi er kommet fra mange steder,
en fra sorger, og en fra gleder,
en fra stillhet og en fra strid,
alle dog barn av samme tid.
Her er videre syn å få,
her er blidere kår å nå;
her er tilbedelsens stillhet givet,
her er stedet til takk for livet.

Ute strides urolig vær:
vinters storme med vårsols skjær.
Her — bak den farvede kirkerute, —
her det skiftende er stengt ute,
her er det eviges avglans sett,
her er det blivendes under skjedd;
her har hjertene freden smakt,
her har smertene mindre makt,
her er dåpen og nadverbordet,
her er stillheten, her er Ordet.

Slekt etter slekt i hundrede år
stod herinne hvor nu jeg står,
skuet i bønn mot alterets tavle,
glemte det flyktige og det travle,
hørte på salmenes lovsangsbrus,
fikk velsignelsen i Guds hus,
svandt — som svanene bort fra Nord —
senket fanene dypt mot jord,
gjemtes i mulden bak kisteffjelen,
lever ennu. Ti de berget sjelen.

Hver gang vi åpner en kirkes dør,
minnes vi dem som levet før.
Også de går til kirke sammen
under et lydt, livsalig amen,
også de under sang og bønn
hilser den Guds enbårne sønn.
Alle frister vi motgangs vær,
alle mister vi venner her,
dog, når vi evighets frøkom vermer,
sees vi skal under andre stjerner.


G. J. P. (Kr. Ukeblad).

Ved 100-årsjubileet for Rugsund kyrkje.

Den 2. september 1838 var ein stor høgtidsdag i Rugsund sokn. 4 år tidlegare var den gamle kyrkja frå 1650 brunna ned, råma av lynet. I 4 år var dei i Rugsund kyrkje-lause og laut ro den lange vegen til Davik for å høyra Guds ord og få dåp og nattverd, konfirmasjon og brudevigsle. No var den nye kyrkja som kyrkjeiegaren Henrik Friis reiste, ferdig, og biskop Neumann var komen for å vigsla henne. Sikkert var gleda stor hjå alle der dei kom roande, karar og kvinner i sine gamle bygdedrakter. Og so vart det lese og bede og sunge, og den nye kyrkja var innvigt til å vera eit hus for Guds ord og sakrament.

Den 6. august 1912 var det atter ein stor høgtidsdag i kyrkja her. Då vigsla biskop Erichsen henne på nytt lag, for ho var vorta ny endå ho var gamal. Det var same huset, men i ny skapnad, påbygd og pryda, fager og vyrdeleg, so ho berre ved sitt ytre utstyr stemmer sjela til høgtid og age, — eit kyrkje-hus som alle bygdefolk har rett til å vera byrge av. 2 dagar etter fekk den gamle kyrkja i Rugsund ei vakker dotter; då vart kapellet på Totland vigsla.

Idag er vi samla for å halda 100-årsjubileum. I 100 år har folket kome saman til gudsteneste millom desse veggene. I 100



år har Guds ord vore forkynt i dette huset. Den eine presten har kome etter den andre. Fyrst var det Lund, »en meget svær mann«, står det i kallsboka, populær i kyrkjelyden, gravlagd i Davik. So Lindemann, av den store musikarætta, sjølv mykje musikalsk han som døydde i Alfot-kyrkja og kviler ved sida av Lund på kyrkjegarden i Davik. Etter han Meyer, dugande administrator og kommunemann, men turr på preikestolen, tykte folk. Dernæst Lassen, sliten av sjukdom og strev i harde Nordlands-kall. So Hansen, mild og venesæl, av grundtvigiansk retning, ogso plaga av sjukdom. Deretter Winger, veltalende, humoristisk, livleg, — den einaste presten som ikkje kunde trivast i Davik. Og Eide som i eit kvart hundradår vann seg eit rom i folket sitt hjarta som vel ingen annan prest i Davik. Dei kom, den eine etter den andre, alle ulike i gaver og temperament. Men ein ting var sams for dei alle; det var ein ting dei alle ynskte: Guds ord vilde dei forkynde so godt som dei kunde. Dei hadde si tid, og so kvarv dei burt, men ordet, ordet frå Gud, det lydde framleies, midt i all menneskjeleg skrøpelegdom, preikesundag etter preikesundag, i 100 år. Den enkelte døyr og gløymest, men kyrkjesuset står. Og um det og brenn upp eller vert rive, — Guds kyrkje på jord, den som er bygt upp av levande steinar, den står likevel, tufta på berget som ikkje kan rikkast og Helheims portar kan ikkje få overmakt over den, og den skal forkynna Herrens ord so lenge verda står. For oss menneskje er 100 år ei lang tid; for Gud og hans kyrkje er det ei kort tid, for han er tusen år som ein dag og ein dag som tusen år.

Kyrkjesuset er for det fyrste *folket sitt hus*. Det er merkeleg å tenkja på alle dei band som bind kvar enkelt av oss til kyrkja vår. Ved alle dei store og avgjerande hendingar på vår veg gjennom livet kjem vi attende til kyrkja. Soleis var det med våre fedrar i 900

ar; soleis er det med oss. Den fyrste reisa vi gjorde var til kyrkja, til vår dåp, då far og mor førde oss dit for at Jesus skulde velsigna oss og gjera oss til sine. Då vi var ferdige med barneåra, var det atter ein stor dag i kyrkja, ved konfirmasjonen; vi stod på kyrkjegolvet og vi låg på kne framfor altaret og sa at vi vilde forsaka og tru. For mange av oss kom so den dagen, då vi atter stod i kyrkja med han eller henne som vi hadde valt å leva livet saman med, og vi lova framfor altaret å elska, æra, være tru- faste mot kvarandre. Og for oss eldre tek so dette seg uppatt i borna våre; ei ny og ung slekt går same vegen som vi, til dåp, konfirmasjon, ekteskap. Og endeleg kjem den siste ferda her på jorda, til grava, til kyrkjegarden; ogso gravene ligg i dei fleste tilfelle rundt ikring kyrkja. Imillom alle desse milestolpane i livet, har vi so alle dei gongane ein kjem til kyrkje til gudsteneste, til ord og sakrament. Det galdt for fedrane våre, det gjeld for oss, måtte det gjelda for våre born og barneborn: Kyrkja bind oss til seg med sterke band. Den er i sanning det store folkets hus. Her er ingen skilnad, her er alle like. Her er det ikkje som i livet utanfor; her er ikkje store og små, rike og fatige, sterke og veike. For her står vi for Gud, og for han er vi alle små, alle fatige syndarar, alle veike og hjelpelause. Her er alle like. —

Kyrkja er vårt hus, folket sitt hus. Den er og *Guds hus* i serleg meining. Sjølv sagt forstår vi det som kong Salomo sa då han vigde templet: »Kan då Gud i røynda bu her på jorda? Sjå, himlane, ja himle-himlane kan ikkje røma deg, kor mykje mindre då dette huset som eg har bygt.« Gud er den uendelege, allstadverande. Men han er ikkje alle stader på same måten. Han er ikkje i himmelen på same maten som i helvede, ikkje i den truande sitt hjarta på same måten som i naturen. Han er tilstades i kyrkja på ein annan måte enn elles. Kyrkja er Guds hus fordi den er huset for Guds ord og sakrament. Gud er tilstades i sitt ord. I ordet er det Gud som vil tala, som kjem til oss for å kalla, frelsa, oppdraga. I ordet er det Gud som vil døma og tilgjeva, bøygja ned og reisa upp, refsa og trøysta, openberra seg som den Heilage og den Nådige.

»Ordet kun helliger huset.« — Og Gud er tilstades i sine sakrament og heilage handlingar. Det er Jesus som tek barnet til sitt barn i dåpen, som gjev sin lekam og sitt blod i nattverden, som tilgjev syndene i skriftemålet, som styrkjer det ærlege hjarta i konfirmasjonen, som vil velsigna i brudevigsla og i prestevigsla. — Og Gud er tilstades der menneskje samlar seg i bøn og tilbeding. Guds hus er eit bønhus. — Fordi kyrkja er vigd til Guds ords forkynning, til bruk av sakramenta og dei heilage handlingar, til bøn og tilbeding, difor er den Guds hus i serleg meining, difor er den eit heilagt hus. Difor er det vel slik for dei fleste, at dei har lettare for å røynd Guds nærvær her enn andre stader. Og nettop difor er det og at ei kyrkje skal vera som denne i Rugsund: høgtidsam, fager, agefull, lyft upp over det vanlege og kvardagslege, der alt — fargar, bilete, ljøs, messeklæde, musikk, sjøve stilla — minner um at dette er Guds hus, når du kjem inn her, skal du koma for å møte Gud.

Kyrkja er folket sitt hus, den er Guds hus. Endeleg ein tridje ting: Den skulde vera *ditt hus*. »Hvor elskelige er dine høiger, Herre, hærskares Gud.« Desse örda frå Salme 84 står over korinngangen her. — Salmisten var glad i templet, det var ei glede for han å vera der i tilbeding av Allhers drott. Der kjende han seg lukkeleg, der fann han styrke til å gå på dei rette vegar, der gjekk han frå kraft til kraft, der fann han trøynt når han laut gå gjenom fåredalen, ein dag i Guds fyregardar var betre enn tusen andre. Kyrkja skulde vera *ditt* hus, som du er glad i, der du kjem flittig og regelmessig, der du er med sundag etter sundag for å høyra ordet som er næring for alt kristenliv, for å be til Gud saman med andre kristne, for å møte Jesus i sakramentet. »Lat oss ikkje halda oss burte frå vår eiga samling som sume har for skikk,« seier Hebrear-brevet. Kjarleiken til Guds hus og til gudstenesta, vyrdnaden for det heilage og for Guds ord, — der var mykje av den hjå fedrane for 100 år sidan. Ogso no er der mange i vare bygder som elsker Guds hus. Men dei fleste stader er dei likevel færre enn før. Det er vondt, og til useieleg skade for det kristelege og moralske liv i folket vårt.

Idag har vi då jubileum med fest og høgtid, med mykje folk, med song og musikk. Det er gildt og gledeleg. Men der er og ein fåre med det. Ved slike høve har ein lett for å la alt gå upp i stemning og sentimentalitet og la idyllen råda og gløyma det verkelege. Det verkelege er at veldige makter i vår tid arbeider imot alt det som kyrkjehuset står for. Det verkelege er at desse makter har vind i segla, og at alle folk, ogso vårt folk vert meir og meir avkristna. Difor må eit slikt jubileum mana til alvor og ansvarskjensle. Vi ynskjer vel alle her idag at kyrkje og gudsteneste må halda sin plass i folket sitt liv her i våre bygder. Men kven har ansvaret for at det vert so? Presten? Visseleg, han har eit ansvar so tungt at det tvingar ein mann i kne. Men han er ikkje åleine. Kven har ansvaret? *Du har ansvaret!* Kvar enkelt av oss har ansvaret for korleis det skal gå i framtida. Er du med, i tru og liv, med arbeid og eksempel, og hjelper til at den ætt som veks fram held seg til kyrkje og gudsteneste? Eller er du med, ved eiga likesæla og eige fyredøme, og hjelper til at folket vender seg ifrå Guds ord, vender seg av med å høyra det, let kyrkjene stå tome? Det skulde vera spursmålet ved eit kyrkjejubileum til kvar einskild av oss. Måtte Gud gjera dette spursmål alvorleg for oss alle.

So ser vi då idag tilbake, med takk til Gud for alt det som han gav i dette huset i 100 år, for all trøyst og styrking og hjelp som han her i nåde gav til søkjande og stridande menneskjesjeler, for alle dei som no er døde, og som her fekk møta Gud som frelsaren og hjelparen. Og vi ser framover, med bøn til Gud, at dei ætter som kjem må halda fast ved Guds ord og ved sine fedrars tru og ikkje la seg lokka burt frå den. Og vi ser på notida, den som vi sjølve lever i, og vi bed Gud at han vil sjå i nåde til oss alle, føra oss til Jesus, halda oss fast hjå Jesus, gjera levande for oss vårt ansvar, ansvaret for vår eiga sjel, for dei andre sine sjeler, for korleis det skal gå med kristendom og kyrkje i våre bygder i dei tider som kjem. Gud hjelpe oss alle for Jesu skuld. Amen.

(Preike i Rugsund 23. oktober 1938).



Juleaften i skyttergraven.

Biskop Berggrav meddeler i sin bok: »Krigerliv og religiøsitet«, følgende brev fra en matematiker som tjenestgjorde som ser-sjant under verdenskrigen. Han forteller om juleaften i skyttergravene:

»Vi hadde 4 timers hvil. På å hvile tenkte selvlølgelig ingen. Like i forveien var der delt ut grankvister. De hadde en i hver jordhule. Den blev hengt i en snor i taket. Seks lys hadde vi. Og vi pyntet med sølvglitter (min mor hadde sendt mig endel), og snart strålte lysene på vårt juletre. Da blev det lyst i vår jordhule og i oss. Først gjorde vi ikke annet enn bare se. Vi lå på våre halmleier og stirret. Stirret inn i lysglansen, glansen fra 6 små lys. Men disse lys kom hjemmefra; disse små hjerter brente på et juletre. Jeg la særlig merke til en av folkene, en bondegutt fra Starnberger sjø. Han knelte foran grenen og lo. Han visste ikke annet å si, men sa om igjen og om igjen: »Å, så deilig!« og lo igjen, en hjertelig barnelatter.«

Efterpå gikk matematikeren på inspeksjon i løpegraven: »Postenes tanker var annetsteds. — — — Fra én jordhule hørte jeg samtale, fra en annen lød ganske dempet: »Stille natt, hellige natt.« Foran en blev jeg stående lenge, lenet mig til gravveggen, så op mot den lysende himmel og lyttet til hvorledes en av mennene derinne leste juleevangeliet høit for de andre: »Og det begav sig i de dage — — —.«

Marconi og kristendommen.


Marconi, den berømte italienske oppfinner av radiotelegrafien, bekjente ved flere leiligheter sin kristentro. Og han fastholdt at intet var til hinder for at videnskapsmannen kan være en kristen. Til en journalist uttalte han en gang:

»Der er mange ting videnskapsmannen ikke er i stand til å løse. Hvor vidunderlige videnskapens resultater enn er, så står

dog ennå mange problemer tilbake uløste. Det høieste av alle problemer, dødens store mysterium, hvem kan løse det? Enhver videnskapsmann vet at der finnes grenser for videnskapen, grenser som ikke kan overstiges. Enhver videnskapsmann vet at der finnes hemmeligheter som videnskapen aldri kan løse. Troen alene, troen på et høieste vesen, hvis love vi må underordne oss, kan hjelpe oss til med mod og styrke å møte livets store hemmeligheter. Gudsfornektelsen har grepet om sig. Der er altfor mange som driver omkring i livet uten mål, uten idealer og tro. Til disse mennesker vil jeg si at der ikke finnes nogen lykke uten tro, og at man aldri kan finne fred, hvis man ikke har nogen art av religiøs følelse.

Det er en misforståelse at tro og viden ikke kan bo side om side. Videnskapen kan ikke drepe troen. Der finnes grenser for videnskapen, og på den annen side av disse grenser kan intet annet enn troen holde oss oppe og gi oss trøst. Jeg er stolt over å si at jeg er en kristen, og at jeg tror på bønnens kraft. Et radioapparat som ikke er større enn min hånd, kan sette mig i stand til å sende meddelelser over oseanet, men menneskets hjerne er noget meget mere innviklet enn det fineste apparat vi nogensinne har oppfunnet. Radioapparatet sender ut budskaper som når sitt bestemmelsessted, — kan man da ikke tro at dette ennå større underverk som man kaller hjernen kan sende ut budskaper i bønnens form, som også kan nå sitt mål.

Jeg er overbevist om at det vilde være en fryktelig tragedie om menneskeheten mistet troen på bønnens makt, ti den tro er den største trøst i livet. Uten tro, uten bønnens hjelp vilde jeg selv kanskje ha tapt mange av de slag jeg har vunnet. Det der stadig har holdt mig oppe, har været min overbevisning om, at Gud når han har latt mig få gjøre hvad jeg har gjort, kun lot mig være redskap for sin vilje, redskap for åpenbaringen av hans guddommelige makt.«



†

Våre døde.

14. okt.: Hans Larsson Fedje, Ramsevik; g. fiskar; f. 1852; alderdom.
 24. okt.: Martinus Paulsson Leirgulen; g. gbr.; f. 1861; nyresjukdom.
 28. okt.: Elias Tollefsson Ytrehaug; g. gbr.; f. 1856 i Bremanger; alderdom.
 5. nov.: Jorunn Haukedal, dotter til Johan B. Haukedal, f. 1937; kikkoste.
 13. nov.: Simon Johannesson Myklebust; e. karman; f. 1849; alderdom.

**Graset visnar, blomen folnar når
 Herrens ande bles på dei. Ja, i san-
 ning, folk er gras.** Es. 40,7.

Notisar.

Døypte: 30. okt. Gerd Liv, f. 7. sept. av f. Matias Larsson Midthjell, Alfot, og k. Pernille Andersdtr. (f. Kongsbakk). — 6. nov. Asbjørn, f. 20. sept. av f. Olav Josefsson Falkevik og k. Astrid Sakariadr. (f. Muri). — 6. nov. Dagny Bjørg, f. 27. sept. av f. Gerhard Albertsson Nybø og k. Dortea Bentsdtr. (f. Kleppe). — 13. nov. Bødil Petra, f. 12. aug. av f. Johan Pedersson Lefdalsnes og k. Thelmy Olsdtr. (f. Manset). — S. d. Ragnhild Selma, f. 23. sept. av f. Sigurd Rasmussen Maurstad og k. Marie Martinsdtr. (f. Paulsen). — S. d. Audhild Oddny, f. 5. okt. av f. Martin Olsson Gilleshammer og k. Elida Eilertsdtr. (f. Byrknes).

Ektevigde: 5. nov.: Peder Paulsson Midtbø, Leirgulen, og Aletta Andersdtr. Forde, Bremanger. 25. nov. Kristian Abelsson Olsbø og Oddlaug Pedersdtr. Krakevik.

Basarar: Gangsøy 16. okt. for redningssaka kr. 156,53. — Dombestein 5. nov. for santalmisjonen 63 kr. — Kjølisdal 2. juli til heidningmisjonen 119,43; utlodning i oktober 40; loddsal på møte 25; tiis. 184,43. — Davik 1. nov. 174,86, bytt millom heidningmisjonen og indremisjonen. — Rug-sund 29. okt. 162,20, bytt millom heidningmisjonen og Kinamisjonen. — Hennøy til heidningmisjonen 40. — Berle til heidningmisjonen 162,50.

Prostimøte for alle sokneråda i Nordfjord skal det vera i Eid 8. januar. Sokneprest Brekke skal preika ved gudstenesta på fyremiddag; Hilmar Kjøllesdal byrjar og kyrkjjesongar Kvamine sluttar. Det skal vera samtale um emnet: «Uppgaver for sokneråda.» Sokneprest Eriksen held foredrag um dåpen.

For 100 år sidan. Vigde: 26. des. 1838 Anders Hole, son til Rasmus Andersson, 23 år, og Sogni Rimstad, dotter til Paul Guttormsson, 24½ år. — 28. des. Peder Ervig, son til Ole Johannesson, 30 år, og Ales Hougs, dotter til Nils Andersson, 42 år. — Døde: 22. des. Peder Jørgensen

Rexnæs, gårdmann, 46 år. — 10. des. Anne Mons-
dtr. Møchlebust, Ålfot, kårkone. 72 år. — 20. des.
Brithe Johnsdtr. Møchlebust, Ålfot; kårkone, 71 år.

Norske namn for norske born. — Salmund, Sol-
mund, Sæmund, Sigfred, Sigfus, Sigmund, Sigurd,
Sigvald, Sigtrygg, Sigvard, Stein, Sigfinn, Steinar,
Steinulv, Steinfinn, Styrkår, Svein, Sverre, Søvold,
Sveinung. — Sigbjørg, Sigborg, Sigfrid, Signy,
Sigrid, Sigveig, Sigvor, Sigrunn, Sollaug, Solveig,
Solfrid, Solvor, Steinvor, Steinunn, Svanhild, Sæ-
bjørg, Sæborg, Steinfrid, Steingerd, Solgerd.

Gudstenester:

- 1. jøledag, 25. des.: Davik.
- 2. jøledag, 26. des.: Rugsund.
- Nyårsdag, 1. jan.: Davik.
- 8. januar: Totland.
- 15. januar: Ålfot.
- 22. januar: Rugsund.

Kvittering for kontingent: Elisabeth Hestevik,
Lars Herrevoll, Samson Strømmen, Hans Davik-
nes, Jørgen P. Berle, lærar Eikås, Lars Gillesdal,
Simon J. Bakke 3 kr. — Kristine Myklebust, Brita
Askeland, Erik Askeland, Ole A. Leite, Rasmus
Berstad, Pauline Reksnes, Samuline Hestevik, Ane
Bøen, Gustav Sigdestad, Maria Berge, Sivert Føl-
lesdal, Isak Maurstad, Martine Lillehaug 2 kr. —
Karoline Fredheim 1.50. — Marta Elde, Alfred
Lund, Didrik Hessevik, Marta Isene 2.50. — Ragn-
hild Hessevik, Jonas Brobakke 5. — Janika Hesse-
vik 6. — Matias Ervik 4. — Tilsaman kr. 81.50.

Hjarteleg takk til alle.

Gamle juleskikkar.

Å halda jul er ein gamal norrøn skikk.
Alt i oldtida — før sagatida tok til — heldt
dei gamle nordmenn solfest når kortaste
dagen i året var liden.

Gamal tradisjon frå heidne tider gav sjølv-
sagt grobotn for all den overtru som i lange
tider rådde i høve av julekvelden og tida tør
og etterpå. Det meste av denne overtru kvarv
burt etterkvart, men heilt ned til vår tid, og
endå meir i det nittande århundrad, heldt det
seg ei mengd nedervde levereglar som var
noggrant passa inn i bondekulturen, og som
alle med vyrndnad før seg sjølv og for ned-
ervd skikk måtte halda.

Ein kan soleis millom anna nemna:

I tida før jul vart det vist stor sparsemd i
hushaldet. Sjølv um det vart baka og bryg-
gja, slakta og samla dugeleg med mat og
drykk, måtte denne maten ligge so å seie
urøyrd til jul. Berre i løynd fekk ein god
ven eller næraste grannen, og knapt nok dei,
gå i kjellaren og smaka på juleølet på føre-

hand. Det var undantak um so vart. Men
tilslutt kom no veslejulafta og storjulafta den
gongen som no. Veslejulafta var den siste
store vaskedagen. Det var siste dagen for
julegrisen. Alt som skulde kjøpast og alt
som skulde gjerast, måtte vera frå seg gjort.
Alt måtte vera ferdig til å ta imot den store
høgtida. Storejulafta var halvt helg alt frå
morgonen av. Då gjekk mannen husmora til-
hande, bar inn til omnen ved, hogg op kjøt
og fisk og var meir enn vanleg hjelpsam i
huset. Han hadde ikkje anna å gjera heller,
den dagen. Borna venta med spaning på alt
som skulde koma. Husmora hadde det ann-
samt. Ho skulde ha umsut for alt både inne
og ute og dertil stelle til maten. Til middag
skulde det vera blodpylse. Fyrst etter at
helga var skota inn med tre skot, tok det
fyrste festmåltidet til, — pinnesteika, feite
gode smalesider med ein drykk til. Kvelde-
maten var heller ikkje knapp. Fersk fisk eller
lutefisk med smør og flatbrød og etterpå
risengrynsupe med rosiner i. Bestefar eller
far sjølv i huset las for maten og song eit
vers eller tvo både før og etterpå. Etter ma-
ten las dei kveldsbøn og gjekk stillt og fre-
deleg til sengs. Lys måtte brenne og eit full-
sett matbord måtte stå ferdig. Det var eit
vakkert symbol på at ein vakande og med
dekka bord tok imot frelsaren som denne
natta kom ned til oss. Endå er denne skik-
ken, ein av dei vakraste av alle dei gamle
juleskikkane, halden ved lag i mange heimar
rundt i Nordfjord.

Juledagsmorgonen var husmora den fyrste
som reis upp og gav alle i huset »måråbeten«.
Det var no ikkje berre ein »bete« ho kom
inn med. Ei halv lefse med smør og gombe
på, ei diger kakeskive og ei kringle på top-
pen var »beten« og attåt den kaffi eller mjølk.
Det dei løyvde, gøymde dei til seinare på
dagen. Til dei vaksne gjekk husfaren rundt
med juledrammen. Juledag drog alle som
kunde til kyrkje. Der dei ikkje kunde koma
til kyrkje, las dei teksten heime. Til alle mat-
mål både fyrste- og annandag jul vart det
lese og sunge til maten.

Annandag jul om kvelden fekk ungdomen
lov å samlast til leik og moro. Tredjedag
jul tok gjesteboda til. Sleкта hadde frå ur-
nordisk tid plikt til å halda saman og vare
sine rettar. Ein måtte og skulde halde sa-

man i sorg og i glede. Men dertil skulde ein og ha samband med grannar og vener, og det vart difor både tvo og fleire gjestebod før jula gjekk ut. I desse gjesteboda fekk dei unge lov å leike. Dei hadde eit stort tal panteleikar og songdansar og mykje anna. Best som leiken gjekk, fekk dei vitjing av julegeita. Ho var stor og digær, med horn som den største bukken Bruse. Oppe og nede snusa ho, mekra litt no og då og sette skrekk i småborna og gjenteflokken. Etter denne framsyninga kom husbonden med ein bolle øl til julegeita. Dei fylgdest bort i ei krå i stova der ho fekk drykken sin som ho tok inn, ikkje gjennom kjetten, men gjennom eit par mannslipper som stakk fram i halsen. Dei som skulde agera julegeit, var eldre uredde folk. Utstyret var eit utstoppa hovud med kvite augo og ei stor napparye til feld. Då det lodne av rya snudde fram og ho elles var utstyrd med dei største bukkehorn som fanst i bygda, var ho nær sagt skræmeleg å sjå for småborn. Mang ein ulydig unge vart snild når mor skræmde han med julegeita.

Like til trettande dag jul var det fritid for mannfolka. Dei og hesten fekk kvile til den dagen var liden. Kvinnene sette heller ikkje vevgogna inn i stova før jula var ute.

L. Lefdal i »Jul i Nordfjord«.



Dikte av Claus Frimann.

20. Gildesang.

Han som den Guldstav mon bære,
Hvorunder fødte vi ere.
Over Land og Bølge Ham følge
Hæder, Fred og Held
Naar han styrer vel
Norges Dal og Fjeld;
Langt igjennem kronede Rader
Glad følge Søn efter Fader.

De som med Lod og med Glavind
Tugte skal den som af Avind
Nærmer sig bemandet til Landet,
Skal de trække ud
Armen styrke Gud!
Skal der brændes Krud
Fjeldene saa ramle, saa dundre,
At sig de Bjørne maae undre!

De som skal Bølgerne pløje,
Vinden og Lykken dem føje!
Lykke følge Handel og Vandel!
Vel begyndt, fuldendt!
Sorg til Glæde vendt!
Kjæltring vorde kjendt!
Ærlig Mand ved nyttig Haandtering
Voxende skue sin Næring!

Skyen oss sende sin Draabe,
Tørre naar Markerne raabe!
Agerrener røde af Grøde!
Engen grøn og gul
Staae af Blomster fuld!
Faaret bære Uld!
Høit i Dale Bjældene klinge;
Vintringen trives og springe!

(Anmerkninger: Lod = ladning for gevær. Glavind = sverd).

Sadhu Sundar Singh.

Sadhu, er den vanlige indiske betegnelse for en der lever bare for religionen — en hellig lærer. Sundar er mannens egentlige navn. Tilnavnet Singh, som egentlig betyr en løve, føres almindelig av dem der tilhører Sikernes folk. Blandt de mange slående satter og fortellinger fra Sundar Singhs foredrag i Oslo er følgende:

Man kan forkynne en høi moral for menneskene, og den rammer deres samvittighet. Enkelte mennesker får også lyst til å leve etter den høie lære, og enkelte beslutter sig endog til å gjøre det. Da ligner de fuglen i buret. Den vil fly, den har vinger, den spenner dem ut og flagrer. Men den støter mot burets stenger og kommer ikke op.

*

De vise kom fra Østen for å tilbe Kristus. Kanskje en av dem kom fra India. De hadde fått se en stjerne og fulgte den. Den høieste lære i India er en stjerne som viser vei til Kristus. De som følger den, forberedes til kristendommen.

*

Man behøver ikke videnskapelig erkjennelse av Gud eller av Kristus for å få freden og livet. Det er ikke mange som vet at vann er sammensatt av vannstoff og surstoff; men de kan allikevel drikke og siukke sin tørst.

(Forts.)